



Til Kvinnherad kommune ved kommunestyret

UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2025

Kontrollutvalet skal 04.05.2026 handsama årsrekneskapen og årsmeldinga for 2025 for Kvinnherad kommune, som motteke frå kommunen 15.04.2026 samt tilhøyrande revisjonsberetning motteke 27.04.2026.

Kommunen har i 2025 eit negativt netto driftsresultat på kr 28 358 000 ,-. Revisor har avgitt revisjonsberetning utan merknadar til årsrekneskapen. Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga tilrår kontrollutvalet etter ei samla vurdering at årsrekneskap og årsmelding for 2025 vert godkjent slik dei ligg føre.

Kontrollutvalet vil og gjere kommunestyret merksam på følgjande forhold:

Viktige nøkkeltal i årsrekneskapen:

- Netto driftsresultat er på -1,60 % av driftsinntektene, tilrådinga frå TBU er minst 1,75%
- Gjeldsbelastning er berekna til 7,9 % av driftsinntektene. Her er tilrådinga at gjeldsgraden ikkje overstig 5 %.
- Lånegjelda er på 97,21%. Riksrevisjonen tilrår at den ikkje bør vera høgare enn 75%.
- Disposisjonsfond er berekna til 25,00 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen si tilråding er på minst 5%

Andre områder:

Kontrollutvalet vil følgje den økonomiske utviklinga tett, og særleg leggje vekt på oppfølging av tiltak for å bringe kommunen sin økonomi i balanse, i lys av at 2025 er det første året på 15 år med negativt netto driftsresultat.

Kontrollutvalet er nøgd med Kvinnherad kommune si årsmelding knytt til omtale av kommunelova § 14-7 a-f og rapportering etter kommunelova § 25-2 internkontroll og tilsyn.

På bakgrunn av dette har kontrollutvalet slik oppsummering:

Ut over det som er nemnd i uttalen, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapssaka, samt revisjonsberetninga motteke 27.04.2026 har kontrollutvalet ikkje merknader til Kvinnherad kommune sin årsrekneskap for 2025.